

## Arbeidsmiljøprisen 2020

Arbeidsmiljøprisen 2020 er tildelt Fagerlia barnehage, Ålesund kommune.

Mellom mange gode kandidatar skilde denne nominasjonen seg ut, både gjennom det som var formulert i søknaden og ikkje minst i intervjuet. Det stadfestar det inntrykket gruppa hadde fått av søknaden

Arbeidsgruppa for Arbeidsmiljøkonferansen, som også er jury, vil trekke fram nokre punkt som grunngjeving for tildelinga av prisen.

Vinnaren av Arbeidsmiljøprisen 2020 fyller godt alle kriteria som ligg til grunn for prisen. Gode system for HMS er på plass, dei tilsette har god kunnskap om systemet og ikkje minst eit eigarforhold til det. Sjukefråværet har hatt ein kraftig reduksjon, gradvis har ein redusert fråværet frå 15 – 20 % til 4 %, dette er også svært lågt om ein ser kommunen under eitt!

Her har det vore jobba svært målretta. Fokuset har blitt flytta frå fråværet til nærvær. Kva er det som gjer at ein kan gå på jobb – kva er til hinder?  
«Det er ei katastrofe for oss om nokon ikkje greier å gå på jobb», slik uttrykker ein tilsett seg.

Å sjå den einskilde arbeidstakar og deira utfordringar ser ut til å vere ein god inngang for å auke nærvær. Meistringskjensle, tilpassa arbeidsoppgåver, tillit og openheit er kjenneteikn på dette arbeidet. Det er ei sterk «Vi-kjensle» og god flyt på huset, ein trår til for å hjelpe kvarandre – slik beskriv også dei tilsette sin arbeidsstad. Det er nedsett ei eiga arbeidsgruppe av tilsette som utarbeider framlegg til tiltak som vert lagt fram for personalet. Dette gir eigarskap til arbeidsplassen, dei prosjekta og prosessane det vert arbeidd med. Eigarskap opplever også dei tilsette gjennom å hospitere på andre avdelingar enn den dei jobbar fast på. Dette gav innsikt i kvarandre sine arbeidsutfordringar, kjennskap til korleis det er å vere ny på ei avdeling og det gav innsikt i kor viktig kommunikasjon og informasjonsflyt er.

Gode informasjonsrutinar og gode rammer som samarbeid har også vore ein suksessfaktor i arbeidet til Fagerlia barnehage. Ansvarleggjering av dei tilsette og reell medverknad har ført til at det konstruktive arbeidet ikkje blir så personavhengig. Dei tilsette opplever å få bruke sine sterke sider til beste for arbeidsplassen og fellesskapet.

Styrar si rolle har vore svært viktig i dette arbeidet. Ho er synleg og tett på, men gir godt rom og stor tillit til sine medarbeidarar. «Ein kan gjere ein god jobb når ein er omgitt av gode folk!»

Barnehagen har også godt fokus på kompetanseheving og på å rekruttere nye medarbeidarar gjennom å vere lærebedrift for fagarbeidar barne og ungdom, i tillegg hevar assistentane sin kompetanse gjennom å ta fagbrev.

Eit viktig fokus i arbeidet med arbeidsmiljø uttrykker vinnaren slik:  
«Eit godt arbeidsmiljø og høg grad av tilstadeværing er ferskvare og må jobbast med kvar einaste dag». Dette meiner juryen er det beste utgangspunktet for å kunne nå måla ein set seg for eit godt og utviklande arbeidsmiljø.

**Vi gratulerer Fagerlia barnehage med Arbeidsmiljøprisen 2020!**



**FAGFORBUNDET**

